

Referat frå møte i drift- og vedlikehaldsgruppe Brakabu 3. mai

Orientering om oppgraderingar og tiltak ved Linda

- **Takrenner** kom tilsendt frå Stad kystbygg i vinter. Ivar og Frank monterer dei neste veke.
- **Ventilar:** Det kom anbefaling om bytte av ventilar. Vi har inne ein førespurnad til Stad kystbygg om kvifor vi skal bytte. Ventar på svar. Frank og Ivar bytar dei dersom det er nødvendig.
- **Vindaugslister:** Disse har vorte forsøkt montert på dugnad, men det er meir komplisert enn monteringsvisninga viser. Vi har nå leigd inn XL-bygg til jobben.
- **Solcelleventilator:** Denne kom med sterk anbefaling om å montere, og det vert stilt krav om montering av fagpersonale. Osterøy kommune har fått tilskot frå fylket til jobben. XL-bygg har teke på seg jobben. Den skulle ha vore montert innan 1. mai, men XL-bygg er forsinka.
- **Dør til toalettet som «trutnar»:** Står på lista til XL-bygg, men Magne ordna det i løpet av møtet.
- **Informasjonsperm:** Fylket og andre lokale behov medfører behov for ein del informasjon, som igjen fører til at veggane kan bli fulle av informasjon – vi har valt å samle dette i ein perm.
- **Diverse verktøy og andre småinnkjøp:** Lister til glasveranda og bokhyller. Ein del verktøy er kjøpt inn for å ordne ved.
- **Ved:** Ivar og Frank har teke ansvar for å fylle på lageret med ved. Det kommer opp til hytta i august og september.
- **Hyttebok:** Bok 1 vert teke med til rådhuset for å bli arkivert.

Erfaringar tilsyn

- Mopp bør gjerast tilgjengeleg for alle, den blir flytta inn i hytta saman med engangsmoppar.
- Toalettpapir må nå kjøpast av Turlaget, dette fordi vi treng «lettoppløyselig» papir (type bubil/båtpapir). Det ser ut som om Europris har, om ikkje må ein til Åsane på hyttebutikken.
- Mykje folk i påska. Det bør vere hyppigare tilsyn enn kvar tredje veke i periodar, spesielt i sommarhalvåret.

Vegen vidare

- Tilsynsboda vart rydda i løpet av møtet, all kappved vart flytta til andre sida, og det vart bygd ei hylle.
- Turlaget ved Marit sørgjer for følgjande innkjøp:
 - Bord frå IKEA – jf bilde frå Frank/Ivar
 - Piassavakost til bruk på plantingane ute
 - Lyspærer
- Solcellepanelet: Linda tek kontakt med Thunestvedt og spør om dei kan dobbeltsjekke innstillingane.
- Merke på benk og bord vert forsøkt fjerna med litt sandpapir på neste tilsyn – Haus helselag.
- Grunna feil type toalettpapir, må det gravast ned denne gangen.
- Tilsynet i sommar aukast. Ein kan skrive seg på ekstra tilsyn i e-post. Dette er frivillig. Det vert lagt opp informasjon om auka tilsyn i informasjonsspermen, men lista vert ikkje gjort synleg for alle sidan den er på individnivå.

Neste møte

- 13. september klokka 17:30 på Brakabu.